

## Årsmelding 2013

### Valldal Idrettslag

#### Styret 2013 -

Einar Hoel	leiar
Anders Rem	nestleiar
Trond Håvoll	kasserar
Karianne Vestre Døving	skrivar
Yvonne Dale	styremedlem, ansvarleg klubbhus
Ellisiv Valdal Jarvik	leiar fotball gruppa
Magne Eivind Glomnes	leiar friidrettsgruppa
Kristi Linge Stakkestad	leiar langrennsgruppa
Nelly Ytterli	leiar trimgruppa
Inge Sunde	1. varamedlem
Torkjell Bjørstad	2. varamedlem

#### Styrearbeid -

Det har vore gjennomført 6 styremøte i 2013. Oppmøte til styremøte er godt og det er eit godt samarbeid i styret. 1.varamedlem er alltid innkalla til styremøte

#### Medlemstal –

For 2013 er det registrert 303 betalande medlemmar

#### Representasjon –

Einar Hoel er Valldal IL sin representant i styret i Norddal Idrettsråd.

Anders Rem har møtt i styret for Valldal Samfunnshus.

Einar Hoel har delteke på anleggsmøte i Møre og Romsdal Idrettskrets/Møre og Romsdal Fylke

Valldal IL har delteke i dialogmøter for frivillige lag i Norddal kommune

#### Arbeid gjennom året –

Idrettsskolen for barn 6-10 år har vore i gong både sist vinter og siste haust. Oppslutninga har vore god, med deltaking frå om lag 30 barn. Elevar frå Stranda v.g.s er engasjert som leiarar.

Nettsida [www.valldalil.no](http://www.valldalil.no) er brukt både som informasjonskanal, men også for å omtale aktivitet i laget og ulike grupper.

Det er inngått avtale med Stiftinga Verdsarv Geirangerfjord om skilting og vedlikehald av stiar i nedre Valldal. Framdrift i dette arbeidet har vore liten siste året.

Rehabilitering av klubbhuset stoppa opp ein periode i 2013. Grunnen var at søknad om spelemidlar ikkje vart godtkjent av Møre og Romsdal Fylkeskommune. Det vart sett fram krav om innandørs tilskost mellom kjellar og 1. etasje for rørslehemma. I praksis var dette krav om å sette inn heis. Ansvarleg for byggesaker og rådet for personar med nedsett funksjonsevne i Norddal kommune har akseptert at det ikkje vert sett inn heis er no søknad godtkjent. Styret i Valldal IL har difor sendt inn opprinneleg søknad om spelemidlar på nytt og det er gjeve munnleg tilsagn om at denne vert godtkjent. Kostnad innanfor ei ramme på kr 750.000, med ei tredelt finansiering mellom idrettslaget, kommunen og spelemidlar. Arbeidet på klubbhuset vil då verte fullført i 2014. Dette omfattar også tilkomst til loft på trakkemaskingarasje som enno ikkje er løyst. Det føreligg ikkje formell avtale med Norddal kommune om grunn til klubbhuset, kun eit kommunalt vedtak om å avstå grunn. Idrettslaget har bedt om at dette vert ordna, men er framleis ikkje på plass.

På årsmøtet i april 2012 vart det vedteke å rehabilitere Valldal stadion til kunststoffdekke. Styret har etter kvart vurdert det som meir realistisk å rehabilitere Idavollen og legge kunstgras på denne bana. Grunnen er m.a. kostnader og at Valldal stadion framleis er eit godt anlegg, men som treng løpande vedlikehald. Idrettslaget eig grunnen til Idavollen. Det har difor vore ei nemnd i arbeid som har utarbeidd planar for rehabilitering av Idavollen til kunstgras med 7-ar bane og 5-ar bane for fotball og oppgradert lysanlegg. Det er utarbeidd grunnlag for spelemidlar og det vert sendt søknad om kommunalt tilskot. Det er berekna ein førebels kostnad på utbygginga på i overkant av kr 3 mill inkl mva. Endeleg vedtak om utbygging vert gjort på årsmøtet

Norddal kommune har gjort vedtak om bygging av idrettshall i tilknytning til Valldal Samfunnshus. Det har ikkje kome nokon formell henvendelse til idrettslaget, men truleg er det ei forventning at laget skal bidra. Det er ikkje fastsett nokon konkret anleggstart

Grasbana på Valldal stadion fekk skader p.g.a. frost og tele sist vinter. Det gjekk difor tid utover våren før den kunne takast i bruk og det vart også noko begrensa bruk i fotballeksonen

For andre vinter på kort tid fraus vasstilførselen til klubbhuset. Delar av leidninga er kommunal og spørsmålet om omlegging er teke opp med kommunen i fleire samanhengar utan at det er gjort noko konkret. Tilbakemeldingar er at dette skal gjerast i 2014.

Det er usemje med ein eigar av ein hyttetomt på Omenås om rett til lysløype over vedkomande sin eigedom. Dette er ei sak som har gått over fleire år. Laget meiner vi har ein avtale med hovudbruket og forhold oss til det. Seinare inngåtte avtalar med andre kan ikkje endre på dette

Erstatning av sandvolleyballbaner som kom vekk då Storfjord Helsesenter vart bygt er ikkje i orden. Det kan sjå ut som det er "Rådhusmarka" som er det mest aktuelle området.

#### Tilsette –

I 2013 har det vore tilsett reinhaldar på klubbhuset. Arbeid vert utført i samsvar med instruks og fungerer bra. Det er avtale med vaktmester på klubbhuset for å utføre førefallande arbeid.

Rekneskap vert ført ved Norddal Rekneskapskontor AS..

#### Arrangement -

Den årvisse marknaden vart arrangert i april med brukbar oppslutning. Marknadsnemnda var ansvarleg for dette. Nettoinntekt om lag kr 35.000

Olsok og Mefjellet opp er også årvisse arrangement. Mange var i aksjon å hjelpte til, men det er ei vanskeleg tid midt på sommaren så på nokre områder var det krevjande å få saman arbeidslistene. Totalt ga arrangementa om lag kr 110.000 i netto inntekt. Kr 55.000 vart fordelt tilbake til gruppene i tillegg til at gruppene ikkje betalar fellesutgifter.

Valldal IL var i april medhjelpar på aktivitetssdag på Samfunnshuset for personar med nedsett funksjonsevne.

Idrettslaget var også representert på Mangfaldsmarknaden som viste mangfaldet i det frivillige arbeidet i kommunen og dei ulike land som er representert i form av innflyttarar.

Det vert vist til gruppene sine årsmeldingar om deira aktivitetar og arrangement.

#### Økonomi –

Økonomien i laget er god. Eit positivt resultat på kr 143.000 er bra. Det må då takast omsynt til at det er ført utgifter til rehabilitering av klubbhuset på kr 130.000 i driftsrekneskapet. Alle grupper går med overskot med unntak av langrenn. Denne gruppa har hatt sær store utgifter til vedlikehald på trakkemaskina og dei har bygt skiskyttaranlegg med egne midlar og gåver. I tillegg var sesongen 2012/13 dårleg med lite snø og dermed svikta også skikafeen. Totalt har Valldal IL om lag kr 770.000 på bankkonto ved årskiftet.

I 2013 er det gjort mykje arbeid i Valldal Idrettslag, men også mykje arbeid står føre. Styret vil takke den enkelte som på ulike måtar har stilt opp for laget.

Valldal 24.2.2014

Einar Hoel    Anders Rem    Trond Håvoll    Yvonne Dale    Karianne Vestre Døving  
Ellisiv Valdal Jarvik    Magne Eivind Glomnes    Kristi Linge Stakkestad    Nelly Ytterli

## Årsmelding Valldal IL fotballgruppa

Årsmøte 17.02.14

### **Styret har vore slik samansett:**

Ellisiv Valdal Jarvik (leiar)  
Anders Rem (nestleiar)  
Kjersti Magnussen (kasserar)  
Hege Bjørstad (sekretær)  
Kenneth Hovden (styremedlem)

Vara: Monika Lingaas (møtande vara) og Dag Snorre Grønningseter.

Oppgåvene har vore fordelte slik: Anders har vore ansvarleg for bane/anlegg. Monika har vore materialforvaltar. Kenneth har hatt ansvar for kiosken.

Vi har hatt sju styremøter i løpet av året i tillegg til ein god del kontakt på e-post og telefon. I sesongen 2013 har vi hatt 10 lag med i seriesystemet. Det eine laget, G16, har vore eit samarbeidslag mellom Valldal IL og Norddal/Eidsdal/Geiranger Fotballklubb. Tradisjonen tru har det vore herretreningar både inne i vinterhalvåret og ute vår og haust. Desse blei også meldt på i ein eigen trimserie som fotballkresen ville prøve, men sidan andre lag trakk seg blei det ikkje noko av dette.

I tillegg til at laga har spelt i serien, har dei fleste laga også vore med på ein eller fleire cupar. Vi hadde ikkje noko lag av garde på Norway Cup i 2013. Dei som reiste lengst vekk, var J16 og G14 som var på Seljecup i juni. G13 var på futsal-turnering i Kristiansund i oktober. J13 var på Hessacup i august. J10 var både på Stordalscup i sommar og på Tarecup i oktober. J09 var også på Stordalscup. G09 og G10 var med på Bendit/Gmax Cup i Spjelkavik i mai og i september.

Også i 2013 hadde vi lag med på futsal-KM. G16 deltok på dette i haust og spelte B-sluttspel på Skodje no i januar. Det same gjorde J13, også dei kom til B-sluttspellet. Nytt av året var at vi arrangerte fotballturnering for dei i ungdomsklassene (G/J13 og eldre). Dette gjekk føre seg i gymsalen 1. påskedag. 27 spelarar deltok fordelte på 9 lag som var mix-lag både i forhold til alder og kjønn. I august hadde vi treningshelg på klubbhuset/stadion for den same aldersgruppa. Også her var det god oppslutning og spelarane syns det var eit godt tiltak.

Valldal har igjen ein representant på Aafk sitt «Bylag» for dei som er fødde i 2000. Her trenar ca. 20-25 stk. frå Ålesundsregionen og nordre Sunnmøre i lag ca. 2 gongar pr. månad. Fire jenter (fødd 2000) er med på «Jente-akademiet» til Herd. Her er ekstra motiverte og interesserte jenter frå Herd og naboklubbane samla til 10 treningar haust-13 og vår-14. Tre spelarar deltok på Blindheim sin keeperskule i mai.

Fram til sommaren hadde vi eigne keepertreningar for jenter og gutar 13 år og eldre. Pga. den spesielle vinteren i 2013, sleit vi veldig med baneforholda. Våren kunne avsløre betydeleg grasbrann på banedekket. I tillegg var vatnet på klubbhuset frose slik at vi ikkje fekk gjødsle og vatne før etter 17. mai. Bana kunne så å seie ikkje brukast til trening i

vårsesongen. Kampene blei spelte på bana litt utetter i vårsesongen. I sommar var bana stengt for all aktivitet. Dette gjorde at bana var tåleleg bra i haustsesongen.

På kretstinget til Sunnmøre Fotballkrets blei Norddal kommune kåra til «Årets fotballkommune på Sunnmøre»! Grunngevinga for dette var at vår kommune har stor prosentdel av ungane med på fotball og at kommunen har fått kunstgrasbane.

Anders Rem og Kikki Magnussen har vore fotballgruppa sine representantar i nemnda som har jobba med kunstgrasbane. Planen er å gjere om grusbana til ei 7-ar bane på langs med ei 5-ar bane på tvers i enden. I skrivande stund har formannskapet godkjent å støtte dette med 1/3 (knappt 1 million). Tippemidlar skal dekkje 1/3 og siste tredelen skal idrettslaget sjølv stå for. Går dette gjennom i kommunestyret, må årsmøte i Valldal IL godkjenne prosjektet.

Vi har laga eit utkast til «Årshjul» for fotballgruppa. Dette for å halde oversikt over arbeidet i løpet av året. «Årshjulet» må reviderast etter kvart.

For å få pengar i kassa har dette vore gjort:

- Sal av sparekort (ca. 16 500,-)
- Sal av annonser i programbladet som kom ut til sesongstart (ca. 37 000,-)
- Vakter på Kulå då Dance with a stranger og Vassendgutane spelte til dans (ca. 18 000,-)
- Bingo i november (ca. 22 000,- i overskot)
- Fiskesal før påske og i haust (ca. 15 000)
- Kiosksal ved kvar heimekamp (ca. 25 000 – 28 000)
- Treningsavgift for spelarane (ca. 30 000)

Vi har fått tildelt dette frå sponsorar/støttespelarar:

- Tre draktsett frå Sparebanken Møre

Klubbavtalen vi har med Intersport Rognve som gir oss framleis gode rabattar ved kjøp av utstyr. Vi fekk i haust ta ut bonusen vår for 2013 – varer for 15 000,- kroner. For dette fekk vi fotballar, fotballstrømper, hanskar, vestar, ballsekkar og anna småutstyr.

Avtalen vår med G-sport på Stranda var også gjeldande for 2013. Her får alle «medlemmar» 20% rabatt ved kjøp av fotballutstyr.

### **Evaluering av «Arbeidsplan for 2013 / langtidsmål»**

*\* «halde fotballinteressa oppe også når ungane kjem opp i ungdomskulealder – greie å stille lag også i dei eldste klassene»*

- Dette ser ut som vi greier fint. Vi har så å seie den same spelarstallen i ungd.klassen når laga no er påmelde for 2014. Desse er påmelde: G14, J14, J16 og G16 (Valldal/NEG stiller 9-ar lag).

*\* «halde oppe talet på påmelde lag i serien»*

- Det ser ut som vi aukar talet på lag i seriesystemet med eitt – til 11 lag i 2014.

\* *«alle skal få sjansen til å delta på Norway Cup mot slutten av aldersbestemte klasser»*

- Både G16 og J16 blir mest sannsynleg med på Norway Cup i 2014

\* *«i august skal vi arrangere treningshelg på stadion for G/J12 og eldre. I tillegg skal vi ha ekstra treningsøktar for fleire årsklasser i lag, nokre gongar med litt sosiale aktivitetar utanom fotball».*

- Treningshelga blei arrangert i tillegg til påsketurnering for same aldersgruppe. Dei ekstra treningsøktene har ikkje vorte gjennomførte.

\* *«gjere bingoen vi arrangerte i november til eit årleg arrangement»*

- bingoen blei arrangert også i 2013.

Valldal, 09.02.14.

Ellisiv Valdal Jarvik

leiar i fotballgruppa, Valldal IL

## Årsmelding 2013

### Friidrettsgruppa Valldal IL

Styret i friidrettsgruppa har siste året hatt følgjande samansetjing:

Magne Eivind Glomnes, leiar

Kjersti Magnussen, nestleiar

Lars Tomas Bersås, kasserar

Øyvind Reiten, styremedlem

Solfrid Fjeldstad, styremedlem

Petter Lingaas og Jan Ole Fuglem har vore varamedlemar.

Det har vore eitt styremøte saman med Liabygda der friidrettscup og treningar har vore diskutert. I tillegg har det vore kontakt mellom styremedlemene i høve arrangement sommar og haust utan at styret har hatt formelle møter. I 2013 var det berre Valldal/Liabygda cup som har vore arrangert lokalt i Valldal av friidrettsgruppa. Mefjellet opp og olsokarrangementet vart arrangert av heile idrettslaget, men mange frå friidrettsgruppa stilte sjølvstilt opp både på Mefjellet opp og jordbærdilten også denne gongen.

#### **Arrangement:**

##### **Valldal/Liabygda cup:**

I 2013 samarbeidde vi med Liabygda IL om friidrettscup. 6 cupar totalt; 3 i Valldal, 3 i Liabygda. I tillegg arrangerte vi eit større stemne i Stordal i slutten av august. Dette telde også i cupen. Det var totalt 18 deltakarar, og heile 15 av desse frå Valldal. Ingen frå Stordal møtte opp der. Vi har no bestemt at vi vil arrangere dette stemnet i Eidsdal neste år. Samanlagt premie for 3 cupar totalt. Det har vore bra oppslutning på heimebane, og 20 frå Valldal fekk premie for deltaking i 3 cupar. Det vart ei enkel avslutning med premieutdeling på klubbhuset rett etter siste cupen i september.

##### **Stafettar:**

Norrdalstafetten vart arrangert i Norrdal 26. august, og nok ein gong med svært dåleg deltaking frå Valldal. Det vart gjort forsøk på å stille minst fire lag, men vi greidde berre to lag, gutar og herrar. Terskelen for å stille opp på eit stafettlag er blitt for stor, og den trenden må vi snu. Stafett skal vere gøy, og ikkje berre for godt trente utøvarar.

Denne gongen greidde vi ikkje nokon siger og har for første gong ingen pokalar til oppbevaring.

I handlingsplanen til friidrettsgruppa som vart laga i 2012 har vi som målsetjing å delta i fleire stafettar, også utanfor lokalområdet. Dette greidde vi ikkje i fjor heller, men det bør

vere eit klart mål i åra som kjem. Vi merkar ei litt aukande interesse for friidrett på cupane, og dei som har lyst må få tilbod om å delta også utanfor nærområdet. Vi vil setje opp ei oversikt over ulike arrangement som kan vere aktuelle å melde seg på.

### **Trening og aktivitet:**

Det vart også i fjor forsøkt ein felles oversikt over treningar og cupar. Cupane fungerte bra, men framleis dårleg oppmøte på treningane frå Valldal.

Når det gjeld deltaking utanfor lokalområdet har det vore lite også i 2013, men noko deltaking i bl.a. motbakkeløp har det likevel vore.

### **Økonomi:**

Økonomisk vart det i 2013 eit overskot på kr. 6.887. Styret takkar for seg og ønskjer vel møtt på friidrettsbana i 2014.

Valldal 19. februar 2014

Friidrettsgruppa Valldal IL, styret

Magne Eivind Glomnes, Kjersti Magnussen, Lars Tomas Bersås, Øyvind Reiten,  
Solfrid Fjeldstad



# Årsmelding 2013

## VIL Langrenn

### 1. Innleiing

Skisesongen 2013 er over. Deltakinga i lokale renn og arrangement er god, men på krets nivå og høgare er oppslutninga frå Valldal ikkje så stor. Gledeleg er det at vi har stor breidde og bruk av lysløypa, spesielt gjennom den gode oppslutninga om skikafeen kvar torsdag i vintersesongen.

### 2. Organisering

#### Styret:

Kristi Linge Stakkestad – leiar  
Jan Ole Fuglem – nestleiar  
Geir Arne Myren – kasserar  
Marian Myklebust Sunde – styremedlem  
Anett H. Steinnes – styremedlem

Per Jomar Nerli – 1. varamedlem  
Kjersti Magnussen – 2. varamedlem

Alf Hoel har fungert som oppmann (ikkje medlem av styret).

#### Undergrupper:

##### Trakkemaskingruppe

*kontaktperson Jan Ole Fuglem*  
Magne Hoel  
Fridjon Døving  
Jostein Gjerde  
Terje Hoel

##### Skikafe- / premienemnd

Marian Myklebust Sunde  
Anett Steinnes  
Kjersti Magnussen

##### Treningsnemnd (langrenn/skiskyting)

Jan Ole Fuglem  
Marian Myklebust Sunde  
Hans Martin Gjedrem  
Per Jomar Nerli

##### Tilsynsgruppe lysløype

Magne Hoel  
Kjell Vad  
Terje Nerhus  
Aksel Indreeide

##### Anleggsnemnd skiskyting

Jan Ole Fuglem  
Per Jomar Nerli  
Hans Martin Gjedrem  
Terje Magnussen

##### Programbladnemnd

Per Jomar Nerli  
Turid E. Løvoll  
Aud Lindis Ødegaard

##### Sonekontakt

Jan Ole Fuglem

### 3. Økonomi

Hovudtal	2008/2009	2009/2010	2011	2012	2013
Inntekter	401 548	382 565	470 341	160 294	302 014
Utgifter	425 236	304 562	418 601	249 663	380 878

Ved årsavslutninga har gruppa innestående i bank kr 0 pr (31.12.13).

I tillegg har langrennsgruppa verdiar i trakkemaskin, Skjeldalfres og snøscooter.

Gruppa/hovudlaget har (pr 31.12.13) gjeld på kr 12 500 i samband med kjøp av trakkemaskin.

#### Viktige inntektskjelder:

- Olsokarrangement (ikkje inntektsført)
- Sponsorar: H.L. Muri AS, Sparebanken Møre
- Programhefte (annonsesal)
- Inntekter på arrangement: matsal, startkontingent

#### Dei største utgiftspostane:

- Drift av utstyr og anlegg

#### Elektronisk tidtakingssystem

Etter innspel frå langrennsgruppa gjekk VIL hovudlaget til innkjøp av Emit tidtakingssystem i januar 2012. Dette var eit "spleiselag" mellom langrenn, friidrett og hovudlaget. Tidtakingsbrikkene blei brukt på cuprenn, Sparebanken Møre Cup, Jordbærdilten og Mefjellet Opp, og oppstarten vart vellukka. Kostnaden for utstyret inkludert 100 deltakarbrikker var om lag kr 100 000, og det er mottatt spelemidlar til utstyr og anna støtte til innkjøpet.

#### Olsok

Styret i langrennsgruppa vedtok i desember 2011 å tilby hovudlaget å overta ansvaret for olsokarrangementet for ein prøveperiode på to år. Føresetnaden var at ein kom fram til ei god og rimeleg fordeling av arbeid og økonomi, slik at langrennsgruppa kan halde fram med eit aktivitetsnivå om lag som i dag. Dette ser så langt ut til å fungere godt.

### 4. Aktivitet

#### Trening

Treningsopplegget har vore ganske likt det som har vore nytta dei siste åra. Om vinteren har det vore **tre treningar for veka**, ei i klassisk for 10 år og eldre, ei fristil for 10 år og eldre og skileik for 6-10-åringar. Treningane føregjekk med hovudlykt frå

Langdal og Høghjelle i januar måned 2013. I mars var det i tillegg nokre skiskytingstreningar.

Barmarkstreninga starta opp med **miljøsamling** på Ullsheim skistadion på Markane siste helga i september. Dette vart ein kjekk, nyttig og god start på sesongen.

I oktober starta vi opp med barmarkstreningar for barn tysdagar.

Laurdag 14. desember arrangerte VIL **treningssamling** for barn og unge i klubbane i sona. Det vart to økter på snø i oppkøyrte løype på Høghjelle/Grønningsæter, og matpause på klubbhuset midt på dagen. Eit vellukka opplegg med fornøgde deltakarar frå Liabygda, Stordal, Stranda og Valldal.

**Innetrening** på samfunnshuset og **den uorganiserte barmarkstreninga** for vaksne (tysdagar i lysløypa) tok også til i oktober.

Treningsnemnda har ansvar for treningsoppsettet og har gjort ein god jobb med både tradisjonell og nyskapande aktivitet.

### **Skiskyting**

I mars 2013 starta vi opp med Skiskyttarskulen for barn, unge og føresette. Nytt utstyr er kjøpt inn og anlegg bygt med støtte frå Sparebanken Møre, Gjensidigestiftelsen og ordninga Spelemidler til utstyr. Standplass er tilrettelagt på Myklebust, i nærleiken av lysløypa og hoppbakkane.

### **Kretslag**

Valldal IL har i 2012/2013 og 2013/2014 to løparar på Møre og Romsdal skikrets sitt juniorkretslag, Trond-Marius Vad og Iver Matias Linge Glomnes. Dette laget ser ut til å fungere bra. Dei har vore og er elevar ved Stranda skigymnas, som har eit nært samarbeid med kretslaget.

### **Storfjordlangrenn**

Valldal IL er medeigar i Storfjordlangrenn.

Sesongane 2012/2013 og 2013/2014 er det ingen frå Valldal IL som er med.

### **Materiell**

Langrennsgruppa disponerer om lag 20 par skøyteski i lengder frå 145 til 170 cm til utlån. Skia er tenkt til aldersgruppa 8-12 år. I desember mottok vi støtte frå Tafjord til innkjøp av fleire par ski. Vi har og seks par rulleski til utlån.

Gruppa har avtale med Noregs skiskyttarforbund om leige av tre rekruttvåpen. Desse har vore i bruk siste året. Det er innhenta løyve til å kjøpe to våpen til.

### **Arrangement – skirenn**

Valldal IL arrangerte 23. mars ("palmelaurdag") **Sparebanken Møre cup i duatlon**, med 129 deltakarar i strålende påskever. Dette var det avsluttande rennet i cupen, med påfylgjande samanlagtpremiering på samfunnshuset. I duatlon er begge stilartar

representert, klassisk først, så skibyte og avslutning med friteknikk. VIL fekk også denne gongen skryt for eit godt arrangement, og det i tillegg til at kretsen i fleire år på rad har lagt dette rennet til Valldal, tek vi som ein honnør til det gode arbeidet som blir lagt ned av mange dyktige og erfarne frivillige medhjelparar. Vi nyttar høvet til å sende dei ein stor takk!

Søndag 10. februar var det **sonerenn** i Valldal, tre veker etter planen på grunn av dårlege snøforhold. Sonerenna omfattar Stordal, Liabygda, Geiranger og bygdene i Norddal kommune. Rennet vart arrangert som skicross, der mange utfordringar som til dømes orgeltramp, portar, slalom, hopp og labyrint vart lagt inn i løypa. Ei spennande og anna form for skirenn for deltakarane. Om lag 60 deltakarar, hovudsakleg barn og ungdom, stilte til start, og rennet var vellukka med mange positive tilbakemeldingar.

**Valldal Liabygda-cup/Telenorkarusellen** er eit samarbeid mellom Valldal IL, Liabygda IL og Stordal IL. Seks renn vart arrangert, tre i Valldal og tre i Liabygda fordelt utover vinteren frå januar til mars. Nokre blei utsett på grunn av dårlege snøforhold og kulde i januar. I 2013 var det om lag 35 deltakarar som gjekk minst fire av renna slik at dei gjorde seg fortent til samanlagtpremie. Premiar frå Telenor blei utdelt ved deltaking i minst to renn og det var det også mange som oppnådde.

**Valldalsmeisterskapen** vart arrangert i friteknikk skjærtorsdag 28. mars. Det var strålande påskever og rennet blei avslutning på sesongen i lysløypa. 100 førehandspåmeldte og 48 etterpåmeldte skiløparar deltok. Mange påsketuristar stilte i gjesteklassane. Dei klart største klassane i VM er barn under 8 år og herrar senior.

Søndag 13. april vart det arrangert uoffisielt **Valldalsmesterskap i skiskyting** for første gong. Rennet gjekk av stabelen på Høghjellsmyrane med 14 deltakarar. Karoline Høydal Lingaas vart første klubbmester. Det var gjennomgåande klart betre skyting blant jentene enn gutane.

### **Skikafe**

Det var planlagt skikafe på klubbhuset kvar torsdag frå nyttår og fram til påske. Sidan snøen let vente på seg på Omenås vart det oppstart først 7. februar. Då tok vi i tillegg i bruk eit flott, nyoppussa og meir praktisk kjøkken. Skikafe er eit positivt tiltak med svært god oppslutning! Det er mange som nyttar denne kvelden til ein skitur og ein prat over kakao- eller kaffikoppen etterpå. Det er eit godt system for arbeidsfordeling, så kafeane går om lag "av seg sjølv".

### **Ski i skulen**

Ski i skulen er eit prosjekt for skiopplæring som kom til i samband med arbeidsplanen for 2013. Vi søkte og fekk støtte frå Sparebanken Møre og Tafjord til prosjektet, og kunne difor tilby 1.-10. klasse ved Valldal skule 1-2 økter med skiinstruksjon ved lokale instruktørar sesongen 2013. Prosjektet blir vidareført i 2014.

### **Vintertrim**

Det var som tidlegare år sett ut fire vintertrimpostar; Alstadsætra, Høghaugen på Gjerde, Klovset og lysløypa. Postane stod ute til april, og premiar vart trekt mellom dei som hadde besøkt postane.

### **Skiskytingens dag**

Dette har ikkje vore markert dei tre siste åra.

### **Marknad**

Sesongen vart avslutta med marknad på samfunnshuset der langrennsgruppa har sine oppgåver. Det var også samanlagtpremierung av deltakarar i Valldal Liabygdacup.

### **Sommararrangement**

Valldal IL (hovudlaget) arrangerte **Mefjellet opp** søndag 21. juli med god deltaking. Helga etter var det **Olsok** i Valldal, for andre år med heile laget som arrangør. Ein tradisjon som har vart i 20 år, med rømmegrout, grillmat, vaflar og jordbær, Jordbærdilten, rulleskistafett og underhaldning. Det økonomisk resultatet var godt, og gav kroner i kassa for laget.

## **5. Prestasjonar – resultat**

Valldal IL har dei siste åra vore representert på mange ulike nivå innan vinteridrett. Frå Europa-cup i skiskyting til Valldalsmeisterskapen i langrenn.

I sesongen 2012-2013 deltok Trond Marius Vad og Iver Matias Linge Glomnes både på krets nivå og i regionale og nasjonale meisterskap og cupar.

Mange små og store løparar stilte til start på kretsrenn, sonerenn, i Valldal Liabygdacup/Telenorkarusellen og i VM.

Også i 2013 var det ein minibusslast med birkebeinarar frå Valldal IL. Ambisjonane er ulike, men alle er nok godt nøgd når dei 54 kilometerane er unnagjort.

Fleire medlemmar deltek også på turrenn både regionalt, nasjonalt og internasjonalt, og det er flott at Valldal IL er representert både her heime og ute i den store verda.

## 6. Avslutning

Mange hadde gode treningsøkter og fine opplevingar i skiløypene sist vinter. Sjølv om vi ikkje har så mange deltakarar i renn på krets nivå og høgare, så har vi god breidde av små og store som brukar løypene i vinterhalvåret. Det er flott at så mange er i fysisk aktivitet og finn glede i å gå på ski.

Vi ser også fleire unge og ivrige løparar som vi håper å sjå meir til i åra som kjem, og vi håper og ønskjer at skisport i Valldal vil stå sterkt også i framtida. Det er plass til fleire, både i lysløypa og på treningane.

**Heilt til slutt vil vi rette ein stor takk til alle som har hjelpt og støtta oss på ulike måtar det siste året. Utan innsatsen dykkar hadde det ikkje gått!**

**Dette gjer at vi framleis har ei sterk og livskraftig langrennsgruppe i Valldal IL som kan gjennomføre små og store arrangement.**

Valldal IL langrenn, februar 2014

Styret

Kristi Linge Stakkestad Jan Ole Fuglem Geir Arne Myren Marian Myklebust Sunde  
Anett H. Steinnes

Vara: Per Jomar Nerli, Kjersti Magnussen

## Årsmelding 2013

### VIL Trim

#### **Styret for 2013 har vore slik:**

Leiar:	Nelly Ytterli	
Nestleiar/skrivar:	Liv Hanne Svensvik	
Kasserar:	Odd Martin Hoel	
Styremedlem:	Robert Wollmann	første av 2 år
Styremedlem:	Borghild Ruset	andre av 2 år
Varamedlem:	Dagrunn Rem	for 1 år
Varamedlem	Kjersti Magnussen	for 1 år
Valnemd:	Reidar Bjørstad og Gerd Myren Hoel	

Representant til hovedstyret Nelly Ytterli

Representant til Jordmormarsjen Nelly Ytterli/Liv Hanne Svensvik

Grappa har hatt fleire styremøter gjennom året samt at vi har hatt kontakt på telefon og sms.

#### **Aktivitetar gjennom året:**

Marknaden til VIL stilte vi med tre frå trimgruppa for å selje lodd.

Sykeltrimmen 1. mai er svært populær og det var stor deltaking. Hovedpremiar i år var ein sykkel for vaksen som vart vunne av Ida Kristoffersen Rem og ein sykkel for born som vart vunne av Frida Solberg Døving. I tillegg hadde vi fleire små premiar. Premiane vart trekte på startkontigenten. Elles var det salg av is, brus, kaffi og vaflar.

#### **VEKAS TUR i samarbeid med God Helse**

8.august var datoen og målet var Trollkyrkjebotnen. Vi ordna med bilskyss frå Hauge til Nysætra for dei som ynskte det. Da vi starta frå Nysætra var det rundt tjue personar som vart med. Veret var ikkje det beste men humøret var på topp. Turleiar var Nelly Ytterli.

#### **Jordmormarsjen**

Trimgruppa i VIL sat også dette året i arbeidsgruppa/styret for Jordmormarsjen saman med Eidsdal/Norddal Røde kors, Eidsdal helselag, EIL og NIL. Vi hadde ansvar for drikkestasjonane

Onilsavatnet, Tafjord Friluftsbad og Skjeggammaren. I tillegg avtalte vi med Safteriet om premiar frå dei. Ein person frå trimgruppa selde billetter ved parkeringsplassen i Muldalsvikja. Og hadde ansvar for å dele ut premiar.

### **Trimpostane 2013**

Trimpostane er eit populært tiltak. Og det har vore mange som har kjøpt trimkort også dette året. Det har vore ulike kort for vaksne og born. Alle born som gjekk til seks postar eller meir vart premierte. Elles var det premiar til som samla mest poeng. Og det var Jurg Barthel og Even Løvaas Greger. Blant dei vaksne vart det også trekt ut fire som fekk ein fin premie. Trimkort, flygeblad med kart og omtal vart trykte i Storfjordnytt og trimkorta vart solgt på Rimi og Spar. Vi i trimgruppa tok jobben med utdeling av flygeblad med kart til husstandane.

### **NYTTÅRSMARSJ 1. januar 2014**

Bortimot sytti som stilte til start i flott ver. Det var salg av faklar, kaffe, vaflar, saft og gløgg på klubbhuset. Vi hadde mange små premiar og ei flott fruktkorg som hovedpremie.

### **Møter i hovedstyret 2013**

Ein representant frå trimgruppa har møtt på styremøte i hovedstyret